

Området rundt Austgulfjorden er vel det området i gamle Gulen Herad med flest gravfunn. Det er også fleire funn frå steinalderen. Vidare vil eg nemne at langs den gamle postvegen kan det finnast graver og andre fornminner. Dette gamle vegfaret kan også vere eit fornminne. Kraftlinja vil kryssa denne vegen ved Austgulfjorden og frå Kjelby over Myrdalen vil kraftlinja koma nær det gamle vegfaret. På Myrdalen i grensa mellom Gulen og Masfjorden er det sagn om nevekamp, og der skal finnast haugar som fortelst er gravhaugar. Det er også sagn knytta til ein stad til der linja vil kome i nærleiken.

Området burde blitt grundigare kartlagt før konsesjonane blei gitt, også undersøkelser etter kulturminneloven § 9 burde blitt gjennomført før konsesjon blei gitt. Liten kunnskap om området vises også i verdisettinga på kulturminna og andre verdiar i området. Eg viser til det eg tidlegare har skrive om fornfunn, den gamle postvegen og stadnamn i området.

Av nye opplysningar vil eg nemne at det er funne ei løve av kleberstein på Øvre Opdal gnr. 34, bnr.2 sin grunn. Løva er ca. 45 cm lang, er fint laga, men har ein del "skavankar". M.a. så manglar ansiktet. Løva skal ha blitt funne for mange generasjonar sidan, då dei grov ut ei naustetomt. Naustet som høyrde til dette bruket blei rive på 1960-talet då dei utvida fylkesvegen på Oppdalsøyra. Bilde av naustet som blei rive står avbilda på side 4 i Gula i Segn og Soge, utgitt av underteikna. Eg ber om at dette funnet blir unnateke offentlegheita.

Kvar løva kjem frå blir no berre gissing. Kan den ha kome frå Håkon Håkonsson si kyrkje som han let byggje på Guløy då han flytta Gulatinget dit? No er det sagn om ei kyrkje på garden Hauge innerst i Austgulfjorden, - det skal ha blitt gjort fleire funn på denne garden. Men eg fekk ikkje opplyst kva som var funne der, og heller ikkje ser det ut til at funna er registrerte. Garden Hauge ligg på ei lita halvøy innerst i Austgulfjorden.

Ei anna gissing er at den kan ha blitt teke med frå Holmen i Bergen(1531) då dei braut ned dei gamle kyrkjene der. Mykje av den nedbrutte steinen blei sendt til Danmark/Slesvig til slottsbygging der. Dette kan også vere årsaka til at det er få eller ingen restar etter ei evt. steinkyrkje i Gulen.

Ei gissing er at løva kan ha kome frå ei kyrkje eller eit kongeleg bygg. For eksempel kan ein sarkofag ha kvilt på den(som ein av fire "føter") eller den kan ha vore fotstøtte.

Løva blei vist fram på skulemuseet på Øvre Opdal, Oppdalsøyra 17.mai. Der blei det fortalt om fornfunna som var funne på gardane langs Austgulfjorden. Det blei også vist fram to steinøkser og ein beinkamel som er funne på garden Kløvtveit, gnr.33.

Eg håpar at fylkeskonservatoren vil sende inn klage på ovannemnde vedtak på grunn av at området er for dårleg kartlagt for fornminner, og fordi det ikkje er teke omsyn til opplysningane som er sendt inn om kva som er funne av fornfunn/kulturminner og andre verdiar i området. I områda der vindkraftverket og kraftlinja er planlagd er det også to områder med urørd natur som også vil bli øydelagde.

Med helsing

Anne G. Waage